

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36

Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Fyresdal

Emne:

Bygdelag:

Oppskr. av: *Einar Stoltenberg*

Gard:

(adresse): Fyresdal

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. ^{og} ~~Eller om den er~~ etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):Liv Lie Berge frå Li i Ligrend, 67 år, jordmor
Andreas Berge (plass) i Haugrend, 78 år, lensmann

SVAR

1.

"Ja." Folk var traude til å seia beint ja. Ein ville helst nytta talemåter som: -Det kan nok vera so, ja, eller - eg tenkjer det - eller liknande. Eit ja vart vanleg fylgd av eit nikk med hovudet.

"Nei." Samen med nei rista folk på hovudet, det var dertil sume som lyfta opp handi for liksom å skuva saki frå seg.

2.

Omlag 1915 helsa alle folk på alle dei møtte, og eldre folk gjer det enno. Men ettersom trafikken stig, held denne skikken på å døy.

3.

Ein "undermann" skulle helsa først. Ein husmann helsa først på ein bonde, ein yngre på ein eldre. Dette med rangen kunde gjeva orsak til uvenskap når ein hadde stige litt på rangstigen, hadde vorti klokkar eller lensmann eller anna.

4.

Helsingi var helst Gudag, (sume sa Gudagen) og Gukveld. Gudag og vel mött, sa sume. For vanlege bygdefolk tok dei ikkje av hatten. Kjente folk ville gjerne seia noko meir også, jamvel om dei ikkje hadde tenkt å innleida nokon samrøda, det var då skikt som: det er fint veir, eller - du er ute og gjeng, ser eg.

5.

Millom bygdefolk var det ikkje ulike helsemåter. Men for prest eller skrivar eller andre høge framandfolk skulle ein ta av seg hatten og stå med den under

armen så lenge ein tala med han.

6.

Ukjent her.

7.

Åtferdi var som ein hadde tid til. Högtidskledde folk hadde vanlegvis betre tid enn til kvardags, so dei kunne ta helsinga meir omstendeleg.

8.

Ein som var framand i grendi handhelsa på alle når han kom inn i ei stoge. Det gamle var at ein skulle handhelsa på alle store og små.

Til handhelsingi høyrde det allstøtt å seia: - Takk for seinast. - Til eit gilde skulle ein handhelsa først på husets folk, deretter på alle som var komi. Foran kyrkja vart folk standande og handhelsa på alle, store og små. Slik var også skikken ved alle slags møter, religiöse og verdslege.

9.

Folk klappa kvarandre på herdi for å syna venskap og velvilje.

10.

Enno er her folk som lyftar på hatten eller huva kvar gong dei høyrer kyrkjeklokka. Men eit undantak er folk i ei likferd på veg til kyrkjegarden. Ein tenkjer som so: Det er ikkje meg kyrkjeklokka helsar på no.

Når folk på åkeren skulle til å så, sa dei: - I Guds namn sår eg mitt korn - og tok av seg hatten, men sette den på att med det same.

Karfolket hadde hatten eller huva på heile dagen og heile året, ute og inne. Når dei sette seg til bords, tok dei av seg hatten og sette han på kneet mens dei sa: -Jessenamn-, og tok so hatten på seg att og åt med den på. Dette har eg sett, men skikken er ved å døy og tok av alt i 90-åra. Ved alle høve når karane skulle ta hatten av, skulle kvendi böyge hovudet.

11.

Dei stansa opp og gjekk til side for ei likferd og sto med hatten under armen til fylgjet var komi forbi. Kvendi sto med böygd hovud.

På buferdsdagen var det i gamal tid ymse stader på vegen til stöylen der buferdsfoket skulle helsa på tre eller stein. Skikken er gått av bruk for lang tid sidan. Som eit slag helsing har folk oppfatta skikken å kasta kvist på verpene. Det har vori 8 slike verp her i bygda, og enno er her gamlingar som har haldi liv i denne skikken.


13.

Gudag sa dei frå morgonen til seint på dagen, då sa dei Gukveld.

14. 15 og 16.

Gomorn eller morn som helsing er komi inn omlag ved hundraårsskiftet. Frå først av vart det haldi som knot. Men no held det på å taka overhand.

17 - 28.



Gamal Fyresdalstoge. Det var mange slike i bruk inntil 1920-åra.

Når ein kar eller kvende kom til gards, banka han på forstogedyrni. Om det var noko som hasta, eller det var ein som trudde seg til det, banka han på med staven. Slikt ville ikkje ein husmann gjera. (Liv Berge minnest ein bedemann, Olav Gjeitestad, som allstött banka på med knivskaftet.) So vart han (ho) standande på hella til nokon kom ut. Var det ungar som kom ut, spurte han: - Er far (mor) Dikkos heime? - Kom husbonden (kjerringa) ut, kunne erendet greiast ute på hella. Men for det meste vart ein framandkar beden inn med ord som desse: - Vil du ikkje inn i stoga? - Til dette var svaret: - Takk, eg hev 'kje stonder. - Å, du må sjå inn. - - Nei, det er då sjavilli. - (Det var ikkje god åtferd om ein ikkje baud av minst eit par vendur.). So gjekk bonden foran inn. Var det ungane som kom ut att for å bjoda framandkaren inn, gjekk han først og banka då på stogedyrni, og venta

4.

på -Kom inn -. Når framandkaren so var komi inn, tok han oppatt Gudag. Han skulle so koma med ei ny helsing slik som -Gusfre i stoga (húset) - Signe laget - Signe maten - Signe arbeidet - eller liknande. Deretter gjekk han kring og nevehelsa på alle og sa:
- Takk for seinast - til kvar og ein. So sette kjerringa fram ein stol , turka av setet med tröyeermet og sa:
- Du får sjå til å få sitja -. - Takk eg får nok sitja. So kom samröda igang. Först om veiret og deretter kva som kunne falla seg. Etter mykje snakk kunne so gjesten seia - Eg skulle helst ha tala med deg, eg, eismall.-

Det var elles ikkje allstött alle desse reglane vart so nöye fylgde. Alt berodde på kva rang og vyrdnad gjesten hadde. Ein heilt framand måtte alt ute på hella gjera reide for kor han var frå og kven han var.

29.- 30

Innbedne gjester skulle ein möta på tunet. Kom dei köyrande eller ridande, skulle tjenesteguten ta seg av hesten, mens husbonden handhelsa og sa - Takk for du kom - og bad so gjestene inn i stoga. Avskilsord kunne vera: - No skal du (eller dikkon) ha takk for meg. - No lyt du liva so vel. - No får du sjå heim til okkon du med. - Dette seier ein i det ein byr fram handa til helsing.
- Takk for dagen - bruka ein mann å seia når han gjekk frå arbeidet om kvelden.

31.

Nokon serskild talemåte ved slike höve er ukjent her.

32 - 38.

Kyssing vart ikkje haldi for heilt sömeleg åtferd. Ein sa om unge folk at dei - kyssa under plagget -. Kvindfolk lika å kyssa småborn, og det har vori skikk i ymse strok av bygdi at dei fekk lov til det. Andreas Berge fortel at dette alt i hans ungdom vart sett på som ein uskikk. Det var mykje tæring i bygda i den tid.

39 - 40.

Å gni nos mot nos på småborn var vel kjent. Det var kalla byta nos og var sett på som ein leik som alle vaksne kunne driva med småborni.

41.

Å stela nosi var og ein vel kjend leik som alle kunne driva med småborni. Ein kneip nosi på barnet millom peike- og langfingeren, knytte handi og synte fram stubben av tommelfingeren og sa - No hev du ikkje nos lenger, sjå her hev eg henne -. Og etterpå: - No skal du få nosi di att. Eg skal sette henne på att. - og rørde nosetippen til barnet med tommen.

42 - 43.

Å gi kjake og få kjake var og er vel kjent og var mest brukt millom vaksne og born. Her var det helst borni som kunne by seg fram. Det var eit teikn på stor velvilje som eit barn kunne syna ein vaksen. - Kan eg gi S. kjake, mor? - høyrde eg ein gong ein unge seia.

44.

- Lukke til - var uttrykk for glede over at ein annan hadde hatt god framgang.

45.

Ein sa - Gledeleg jol - Godt år - God påske - Lukke til med barnet - Lukke til med kjerasten - Lukke til med brura - o.s.b.

46.

- Me er med Dykk i sorgi - (i tapet, i suta o.s.b.)

47.

- Takk - Mange takk - hjarteleg takk - o.s.b. seier ein i det ein byr fram handi. *Takk jolo eller sjolo Takk. ^{var} _{ordet}*

48.

Kjökemeistaren i ei likferd takkar frå den avlidne som han nemner med namn til heile fylgjet. Dette gjer han heime i likferdshuset straks før dei drikk velferds-skåli.

49.

Vanvyrndad kunne ein syna ved å late som om ein ikkje såg ein, eller ved å snu seg tvert i frå ein. Serleg galdt dette i eit større lag eller t.d. ved kyrkja.

50 - 51.

Du sa ein til alle, til prest og skrivar og fut. Men det var sume som i sers höfleg tiltale sa han eller ho. Slik var skikken enno millom vaksne folk inntil omlag 1915. Sidan er De komi i bruk og tar snart overhand.

(mer på neste side)

1252

Her kan leggjast til noko om narneskikken. Ein som er född og oppvaksen i Fyresdal vert alltid tiltala og omtala med fornamn. Men for ein som er innflutt gjeld berre etternamn so lenge han liver både i omtale og tiltale. Dette gjeld for alle, for arbeidar like so vel som for embetsmann.